

Årsmelding frå Volleyballgruppa 2012

Styret

Mette Rysjedal, leiar
Gro Fivelsdal, kasserar
Ivar Vårdal

Volleyballgruppa har hatt eitt styremøte.
Tal på aktive i gruppa: 26

Treningar/Lag

Juniorar

Trenar: Ivar Vårdal
Trening på onsdagar 19-20.30.

På juniortreninga har det vore totalt 10 aktive i 2012. I haust har to gutar slutta/teke pause, medan tre nye gutar frå Flekke har delteke på treningane. Det er lagt opp til blanda trening, men det er berre ei jente som har delteke regelmessig på treningane. I tillegg til å trene på spesifikke volleyballferdigheiter, har det vore vektlagt grunntrening mtp å oppøve styrke, spenst, hurtigheit/reaksjonsevne og koordinasjon.

Målet med treningane har vore å tilby trening som utviklar deltakarane sine volleyballferdigheiter samt utviklar motoriske ferdigheiter som også er viktig innan andre idrettar.

Seniorar

Trenar: Mette Rysjedal/Ivar Vårdal
Trening på onsdagar 20.30-22.00.

Totalt er det 16 aktive deltakarar på mix-treninga. Dette talet inkluderer damespelarane. Oppmøte på treningane varierer veldig frå gang til gang. Mesteparten av deltakarane er elevar ved Dale vgs, og oppmøtet varierer frå skuleår til skuleår. Målet med mix-treningane er at det skal vere låg terskel for å delta.

Damer

Trenar: Mette Rysjedal
Spelarar: Sandra Brattelid, Gina Garre-Fivelsdal, Ota Garre-Fivelsdal, Kristin Solås, Linda Leirpoll, Kjersti Nygård, Julie Olsson og Kaja Kise.

Damelaget har 9 aktive spelarar, inkludert spelande trenar. Frå og med hausten 2012 har vi hatt trening på måndagar kl. 20.00-22.00.

Laget deltek i seriespel i 3. divisjon, kvinner, Sogn og Fjordane. Deltakarlag er Gaular, Breimsbygda og Fjellhug/Vereide. Av 8 spelte kampar har Dale ikkje klart å stille lag til to av dei, og dermed er dei registrert som tap, og tre sett per kamp sett til 25-0 til fordel for motstandar. Dermed har Dale større poengforskjell i tabellen enn vi hadde hatt om vi hadde stilt til kamp. Det er ikkje ein ønskeleg situasjon å ikkje kunne stille til kamp.

Ranking per 25.02.2013, 3. div. kvinner Sogn og Fjordane

Lag	Spelt	Vunne	Tapt	Settforskjell	Poengforskjell	Poeng
Fjellhug/Vereide	9	8	1	25-8	766-550	23
Gaular	8	4	4	15-14	636-623	13
Breimsbygda	9	4	5	15-17	684-647	12
Dale	8	1	7	6-22	410-676	3

Dale har att fire kampar å spele i 2012/13-sesongen.

Deltaking regionslag

Ota Garre-Fivelsdal har deltatt på regionssamlingar og har blitt tatt ut på regionslaget JU16 til Sogn og Fjordane. 18.-20. januar 2013 var ho med på regionslagturnering i Oslo. Tilbakemeldingane leiur har fått er at ho imponerer stort på samlingane!

Utvikling i klubben

NVBF Sogn og Fjordane har tilsett Mathias Loftesnes som utviklingskonsulent for å få opp volleyballaktiviteten i fylket. Dette har Volleyballgruppa i Dale IL fått nytta seg av. Mathias har hatt treningar med både damer, juniorar og mix, i tillegg til volleyball dagar på Dingemoen skule, Fjaler ungdomsskule og Dale vgs. Dette inspirerer spelarane i klubben, og har óg bidrege til vekst hos spelarane på damelaget, som har utvikla seg stort gjennom sesongen.

Volleyballturnering

Laurdag 5. januar 2013 arrangerte vi mix-volleyballturnering for tredje året på rad. Seks lag deltok i år, og vinnarlaget vart premiært med t-skjorter. Deltakaravgifta dekkar utgiftene ved arrangementet. Dette er blitt ein årleg tradisjon til glede for alle deltakarar.

Innteksbringande tiltak

Volleyballgruppa har ikkje klart å få til noko innteksbringande tiltak utover dei minimale inntektene vi har via volleyballturneringa. Dette er noko vi må jobbe for å få til vidare.

Volleyballgruppa
For styret,
Mette Rysjedal